



## Statens vegvesen

Adressat

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalnsnr:  
Sindre Egeland- 55516201

Vår referanse:  
16/74696

Dykkar referanse:


Vår dato:  
11.11.2016

### **E134 Vågsli – Seljestad** **Varsel om oppstart av planarbeid og høyring av planprogram**

Statens vegvesen varslar med dette nytt oppstart av arbeid med reguleringsplan og høyring av planprogram til KU for deponi, jf. plan- og bygningslova §§ 12–8 og 12-9. Tiltakshavar er Statens vegvesen og planmyndigheiter er Vinje og Odda kommune.

Planen omfattar ny E134 frå Vågsli i Vinje til Seljestad i Odda og skal fastleggje plassering og utforming av framtidig veganlegg, samt sikre areal til gjennomføring av prosjektet. Det er vurdert at det er naudsynt å gjere ei konsekvensutgreiing som del av planarbeidet. Rammene for konsekvensutgreiing og planarbeidet elles er gjort greie for i planprogram.

Føremålet med prosjektet er å styrke E134 som ein av hovudvegsambanda mellom aust- og vestlandet og løyse utfordringane knytt til vegen i dag. Ny vegtrasé for E134 Vågsli – Seljestad vil korte ned køyrelengda med ca.11 km, redusere stigningsforholda, auke trafikktryggleiken, auka framkomst ved dårlege vêrforhold og flytte trafikk ut frå tettstaden Rødal.



Figur 1, Illustrasjon av høgdeskilnad på eksisterande trase og ny trase

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanqr

Telefon: 815 44 010  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Orq.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Reqnskap  
Båtsfjordveien 18  
9815 VADSØ  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52

I kommunedelplan som vart vedteken i 2008, var det eitt større massedeponi på Liamyrane for heile veganlegget. For å sikre god anlegg- og trafikktryggleik under gjennomføring av veganlegget må det vurderast andre alternative massedeponi. Dette vert gjort i ei konsekvensutgreiing.

Planprogrammet gjev ei meir utfyllande opplysing om vidare planprosess, planområdet, lokalisering av massedeponi og utgreiingstema.

Planprogrammet og annan informasjon om prosjektet finn ein på [www.vegvesen.no/europaveg/e134vagsliseljestad](http://www.vegvesen.no/europaveg/e134vagsliseljestad).

Eventuelle merknadar til planprogram eller planoppstarten generelt skal sendast til Statens vegvesen innan; **08. januar. 2017**.

Bruk e-postadresse: **firmapost-vest@vegvesen.no**,

alternativ ordinær postgang: **Statens vegvesen Region vest, Askedalen 4, 6863 Leikanger**.

Både e-post og brev bør merkast med ”**Saksnummer 16/74696**”.

Det bør i merknaden skiljast mellom merknader som gjeld innhaldet i planprogrammet og merknader som gjeld sjølve planarbeidet.

Merknadene bør ha overskrift / merkast **E134 Vågsli – Seljestad**.

Det er ikkje naudsynt å sende kopi av merknader til kommunane, då dette vert ivareteke samla av Statens vegvesen. Alle mottekne merknader vert sendt kommunen saman med planframlegget.

Etter fristen for merknader er gått ut, vil sjølve planframlegget verta utarbeidd og sendt til Odda og Vinje kommune for sakshandsaming.

Det vil i den samanheng verta sendt invitasjon til folkemøte, der forslag til detaljreguleringsplan vert presentert.

Etter første gongs handsaming i kommunane, vert planen sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i seks veker. Det vil då vere mogleg å komme med merknader til planframlegget før vidare politisk handsaming.

Statens vegvesen  
Med helsing



Sindre Egeland